

# Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 03.05.2023  
**Møtestad:** Heradsstyresalen - Rådhuset Lonevåg  
**Møtetid:** kl. 13:00 - 17:00

Osterøy integrerings- og læringscenter orienterte i starten av møte om etablering av flyktingar og samarbeidet OIL – NAV Osterøy.

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordfører
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstattar medlem</b>
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Jarle Skeidsvoll

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat, Kommunalsjef for samfunnsutvikling, Kommunalsjef for oppvekst, undervisning og kultur, Leiar for økonomikontoret**

## Sakliste

Saknr	Tittel
023/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/23	Godkjenning av møtebok
025/23	Referatsaker og meldingar
026/23	Kvalitetsmelding for skule 2022
027/23	Kvalitetssystem for oppvekst, undervisning og kultur
028/23	Oppgradering Osterøy ungdomsskule
029/23	Vedtekter for Osterøy kulturskule 2023/2024
030/23	Interkommunalt samarbeid om bokbuss
031/23	Finansielle måltal 2024
032/23	Oppdatering av reglement
033/23	Reglement om folkevaldes rett til godtgjersle og dekning av økonomisk tap
034/23	Samarbeidsavtale for interkommunalt samarbeid mot akutt forureining (IUA) Bergen region- Kommunalt oppgåvefelleskap, KOF
035/23	Samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion (VBR) - Kommunalt oppgåvefelleskap, KOF
036/23	Stillingstittel for Rådmannen
037/23	Andre saker/spørsmål

## **Rådmann orienterte om fylgjande:**

### **Lønsoppgjeret i kommunal sektor:**

Lønsoppgjeret i kap 4 er ferdig. Dvs alle med sentralt fastset kln. Tillegget er gjennomsnittleg 5,4 % og kronetillegga variere mellom 26 330 og 40 000. Både lågtlønsgupper og dei med lang utdanning er prioriterte.

Leiarane i kap 4 har fått eit løft på 5,7 %. Gjeld mellom anna ein del fagleiarar i sektor for Samfunnutvikling. HR har laga eit eige notat til formannskapet.

### **Sjukefråvær:**

Fråværet har dei siste åra vore aukande. I tida gjennom pandemien auka fråværet grunna korona og ein vurderte at fråværet ville bli redusert i etterkant av pandemien.

Tala viser at fråværet framleis er høgt og i enkelte einingar og sektorar er fråværet høgare enn i tida før pandemien. Tilgang på vikarar er lågare enn tidlegare og fleire einingar har utfordringar med å dekke inn sjukdom.

Det går ut over drifta og kan over tid slite på dei tilsette som må arbeide med redusert bemanning. Tilgang på vikarar er ei utfordring for fleire omliggande kommunar og ikkje spesielt for Osterøy.

Fråværet i første kvartal 2023 var samla på 11,7% mot 13,36% i kvartal 2022. Fråværet er delt mellom eigenmeldt og legemeldt fråvær, samt delt mellom kort og langtidsfråvær.

Organisasjonen arbeider aktivt med tiltak for å redusere fråværet gjennom arbeidsmiljøutval, utval for inkluderande arbeidsliv, kompetanseheving for leiarar og eit tett samarbeid med bedriftshelsetenesta på systemnivå og i enkeltsaker.

Organisasjonen reviderte rutineane for oppfølging av sjukemeldte i 2022 og gjennomførte fem frukostmøte i samarbeid med NAV arbeidslivssenter. Arbeidet er vidareført i 2023.

HR har laga eit eige notat til formannskapet

Sjukdom òg hjå veterinærane, og vi må prøve å få inn vikar.

### **Legevakt:**

Ventar framleis på nytt utspel frå Bergen. Vi ventar og på ny avtale med Nordhordland legevakt, frå Alver kommune. Saka skal gjennom regionrådet før vi får den til handsaming i kommunen så vi får ikkje opp noko sak før til hausten.

### **Legetenesta på Osterøy:**

Vi har fått på plass ny vikar på Valestrand, men tilbakemeldingane er at lista er for lang. Som eg har orientert om tidligare jobber vi med ei permanent løysing.

### **Vikarsituasjon:**

Krevjande driftssituasjon i fleire av tenestene våre grunna høgt sjukefråvær. Det er ein kombinasjon av høgt sjukefråvær og vanskar med å skaffe vikar. Vi slit og med å skaffe nok sommarvikarar. Berre i omsorgstenestene manglar vi om lag 60 vikarar for å få sommaren til å gå opp.

## **Rekruttering:**

Ny leiar for teknisk forvaltning Tore Johan Erstad er kome godt i gang

Ny Leiar for skule, Renate McPerson er på plass og er kome godt i gang

Ny leiar for teknisk drift har takka ja til tilbod, og vil vere på plass i byrjinga av August. Kenneth Murberg, frå Alver. Kjem frå jobb i politiets fellesteneste der han har hatt ansvar for drift av kontorbygg på heile Vestlandet.

Vi er gang med intervju på rektorstilling ved Osterøy ungdomsskule.

Rektorstillinga ved Fotlandsvåg er lyst ut og vi håpar på gode søkjarar.

Rådgjevar landbruk må lysast ut igjen

Vi har dilaog med Vaksdal for kjøp av tenester på Viltforvaltning og ved behov på skog.

Nærmar oss innstilling på rådgjevar Plan. Har gode kandidatar.

Nærmar oss og innstilling på nestleiar helse og omsorg.

**Varmeanlegg Osterøytunet:** Lyst ut, frist 24 mai, opsjon Opro.

Omsorg-pluss Studietur 7. juni

Mandat opp i formannskap i juni

## **VA – prosjeket:**

Status Valestrand

1. All fiber er midlertidig omlagt, både Telenor og Eviny
2. BKK er i gang med flytting av permanent luftstrek til nordside av fylkesveien.
3. Alle fremføringsløyvene er gitt.
4. Statens Vegvesen er søkt om arbeidsvarsling. Venter positiv tilbakemelding i løpet av uken.
5. Adkomst til skole og berørte eiendommer er utført.
6. Delvis påbegynt avgraving av området for «Kiss and run»-området
7. Merkost på ventetid entreprenør, samlet ca kr. 550.000.-.  
Dette gjelder arbeider og hjelpe av entreprenør for Telenor.

Ovenstående medfører at vi bør være i full drift fra neste veke, ca 3 måneder forsinka i forhold til planlagt og bestilt oppstart.

## **Alle framføringsløver gitt –**

Begynt nedover Vesetgjelet. Ikkje full oversikt over ventetid og forlenga drift. Nattarbeid gjer prosjektet dyrare.

### **Kossdalsvegen:**

Vi jobbar med sak om opprusting av Kossdalsvegen. Som kjent er vegen rasa ut og med den auka belastninga det er på vegen grunna massiv marknadsføring må vi gjere noko for å sikre vegen mot større skade.

### **023/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **03.05.2023 FORMANNSKAPET**

Ordføraren varsla sak til slutten av møte: valkomité for kommunale selskap.

Innkalling og sakliste vert godkjent med desse tilleggsakene:

RS 3: Orientering om sjukefråvær 1.kvartal 2023

RS 4: Orientering om tariffoppgjer 2023

Ordføraren hadde slikt framlegg: Forslag om å trekke sak 032/23

Ny sakliste godkjent med desse endringane.

### **FS - 023/23 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste godkjent med endringar.**

---

### **024/23: Godkjenning av møtebok**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 29.03.23 vert godkjend.**

### **03.05.2023 FORMANNSKAPET**

Det var ingen merknader til møteboka.

### **FS - 024/23 VEDTAK:**

**Møteprotokoll frå 29.03.23 vert godkjend.**

---

## **025/23: Referatsaker og meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

### **03.05.2023 FORMANNSKAPET**

Aud Rita Tveiten, AP, hadde slik merknad til RS 2, plan for kvalitetsutvikling 2023-2026 Osterøy-barnehagane.

Bemanning er ikkje eit tema i planen, skulle dette vore inkludert?

Kommunalsjef for oppvekst, Olaf M. Hella gav slikt svar: Bemanning i barnehagane skal vera i tråd med bemanningsnormen, dette ligg som eit grunnlag i kvalitetsutviklinga.

Kjersti Vevatne, V, hadde slik merknad: Relatert til bemanning, ofte er det dei borna som har særskilde behov som ikkje får det tilbodet dei har krav på. Korleis skal ein sikre dette?

Kommunalsjef for oppvekst, Olaf M. Hella gav slikt svar: Fråvær og mangel på vikarar er eit generelt problem i barnehagane, ein ser på ei løysing med bruk av vikarpool som kan løyse delar av problemet.

Det var elles ingen merknader til referatsakene

### **FS - 025/23 VEDTAK:**

**Referatsakene vert tekne til vitande.**

---

## **026/23: Kvalitetsmelding for skule 2022**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Kvalitetsmelding vert teken til vitande**

### **03.05.2023 FORMANNSKAPET**

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 026/23 VEDTAK:**

**Kvalitetsmelding for skule vert teken til vitande**

---

## **027/23: Kvalitetssystem for oppvekst, undervisning og kultur**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Osterøy kommune innfører styringsdokumentet -Osterøy på sitt beste -Felles ansvar for ein trygg og meiningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging i oppvekst, undervisning og kultur.

### **03.05.2023 FORMANNSKAPET**

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **FS - 027/23 VEDTAK:**

**Osterøy kommune innfører styringsdokumentet -Osterøy på sitt beste -Felles ansvar for ein trygg og meiningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging i oppvekst, undervisning og kultur.**

---

## **028/23: Oppgradering Osterøy ungdomsskule**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen arbeider vidare med alternativ 3 – Rehabilitering og ombygging av eksisterande bygg med nytt opplæringsbasseng på 25 meter i tilknytning til Osterøy Ungdomsskule. Rådmannen kjem attende med ny sak når forprosjektet er gjennomført.

### **03.05.2023 FORMANNSKAPET**

Hjalti Gislason, H, hadde slikt utsetjingsframlegg: Saka vert utsett.

#### **Grunngjeving:**

Osterøy-politikarane har visst i mange år at Osterøy ungdomsskule treng opprusting, fornying eller nybygg, og dette har vore diskutert internt i partia og laust tverrpolitisk. Det har derimot aldri vore lagt fram nokon konkret sak om tema for å sparka i gong den offentlege debatten.

Politikarane har sidan 2016 høyrte ulike rykte om arbeid med OUS si framtid der både ein studietur og ei mogleghetsstudie var nemnt, men Osterøy kommune har til nå ikkje invitert politikarane (som skuleeigar) til å ta del i ordsiftet eller i arbeidet.

Å meina noko i dag om kva ungdomsskule me skal ha dei neste 60 åra etter å ha hatt fem dagar på å verta kjent med det førebunde arbeidet administrasjonen har gjort er uforsvarleg.

Me treng ein brei og open debatt om kva ambisjonar me har for OUS, me treng å høyra kva FAU på skulen meiner, me treng innspel frå rektor og lærarane, og me bør la engasjerte innbyggjarar få høve til å kome til ordet. Derfor kan me ikkje fatta vedtak i denne saka før me har fått moglegheita til å ha den debatten.

Ordføraren hadde slikt felles framlegg: Saka vert utsett i påvente av utfyllande moglegstudie. I forkant av neste møte vert arrangert synfaring på OUS.  
Det vert sett opp sak på saklista til neste møte: Mandat for moglegstudie Hatland Skulesenter.

Hjalti H. Gislason, H, trekte sitt framlegg.

**AVRØYSTING:**

Fellesframlegget vert samrøystes vedteke

**FS - 028/23 VEDTAK:**

Saka vert utsett i påvente av utfyllande moglegstudie. I forkant av neste møte vert arrangert synfaring på Osterøy Ungdomsskule.  
Det vert sett opp sak på saklista til neste møte: Mandat for moglegstudie Hatland Skulesenter.

---

**029/23: Vedtekter for Osterøy kulturskule 2023/2024**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtektene vert vedteke slik dei ligg føre.

**03.05.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 029/23 VEDTAK:**

Vedtektene vert vedteke slik dei ligg føre.

---

**030/23: Interkommunalt samarbeid om bokbuss**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune går i dialog med Alver kommune med mål om å komme fram til ein avtale om interkommunalt samarbeid om tenesten «Bokbuss», som skal leggast fram for politisk behandling.



Avtalen må innehalde:

- Kostnader ved investering
- Kostander ved drift

### **03.05.2023 FORMANNSKAPET**

Tilleggsframlegg #1 foreslått av: Hjalti Heimir Gislason, H:

Avtalen skal også innehalde ei skildring av korleis bokbuss-tilbodet til skulane og barnehagane vil endrast om tenesta vert interkommunal.

Grunngjeving:

Me må anta at endring i driftsforma frå kommunalt til interkommunalt kan endra tilbodet. Politikarane som skal ta avgjerda treng å vita kva konsekvensar endringa vil få.

Tilleggsframlegg #2 foreslått av: Hjalti Heimir Gislason, H:

Når avtalen vert lagt fram for politisk handsaming skal saka også innehalde opplysingar om investerings- og driftskostnad for ny bokbuss som Osterøy kommune driv åleine, slik han gjer i dag.

Grunngjeving:

Ved mogleg endring i tenestetilbodet er politikarane tent med å bli presentert med val og eit samanlikningsgrunnlag.

#### **AVRØYSTING:**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

Hjalti H. Gislason, H, sitt tilleggsframlegg nr 1 vert samrøystes vedteke

Hjalti H. Gislason, H, sitt tilleggsframlegg nr 2 vert samrøystes vedteke

#### **FS - 030/23 VEDTAK:**

**Osterøy kommune går i dialog med Alver kommune med mål om å komme fram til ein avtale om interkommunalt samarbeid om tenesten «Bokbuss», som skal leggest fram for politisk behandling.**

**Avtalen må innehalde:**

- **Kostnader ved investering**
- **Kostander ved drift**

**Avtalen skal også innehalde ei skildring av korleis bokbuss-tilbodet til skulane og barnehagane vil endrast om tenesta vert interkommunal.**

**Når avtalen vert lagt fram for politisk handsaming skal saka også innehalde opplysingar om investerings- og driftskostnad for ny bokbuss som Osterøy kommune driv åleine, slik han gjer i dag.**

-----

## **031/23: Finansielle måltal 2024**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Osterøy kommune vedtek desse finansielle måltala for kommunen sin økonomi :**

1. Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør over tid vere minimum 1,75 %.
2. Disposisjonsfondet bør over tid ligge på om lag 6 % av brutto driftsinntekter.
3. Netto langsiktig gjeld eksklusiv formidlingslån bør over tid ikkje overstige 90% av brutto driftsinntekter.

## **03.05.2023 FORMANNSKAPET**

Leiar for økonomikontoret, Øyvind Johannesen orienterte om saka i starten av møte.

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 031/23 VEDTAK:**

**Osterøy kommune vedtek desse finansielle måltala for kommunen sin økonomi :**

1. **Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør over tid vere minimum 1,75 %.**
  1. **Disposisjonsfondet bør over tid ligge på om lag 6 % av brutto driftsinntekter.**
  1. **Netto langsiktig gjeld eksklusiv formidlingslån bør over tid ikkje overstige 90% av brutto driftsinntekter.**
- 

## **032/23: Oppdatering av reglement**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen har ikkje framlegg til vedtak i denne saka**

## **07.09.2022 FORMANNSKAPET**

Ordføreren gjorde slikt framlegg: oppdateringen av reglement gjeldt alle reglement forutan delegeringsreglementet.

### **AVRØYSTING**

Samrøystes vedteke

-----

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Det vert satt ned ei arbeidsgruppe på 3 stk som får i oppgåve å revidere reglementet. Arbeidsgruppa kjem tilbake med ferdig revidert reglement til neste formannskapsmøte.

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

-----

Henrik Øksnes, FRP, gjorde slikt framlegg:

Forslag til medlemmer av arbeidsgruppa:

Rita Tveiten

Alf Terje Mortensen

Hjalti Gislason"

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke.

### **FS - 075/22 VEDTAK:**

Oppdateringen av reglement gjeldt alle reglement forutan delegeringsreglementet.

Det vert satt ned ei arbeidsgruppe på 3 stk som får i oppgåve å revidere reglementet. Arbeidsgruppa kjem tilbake med ferdig revidert reglement til neste formannskapsmøte.

Arbeidsgruppa har slike medlemmer:

Rita Tveiten

Alf Terje Mortensen

Hjalti Gislason

## **03.05.2023 FORMANNSKAPET**

Saka vert trekt og kjem opp som sak på eit seinare møtetidspunkt.

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 032/23 VEDTAK:**

Saka vert trekt og kjem opp som sak på eit seinare møtetidspunkt.

---

**033/23: Reglement om folkevaldes rett til godtgjersle og dekning av økonomisk tap**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i denne saka

**03.05.2023 FORMANNSKAPET**

Ordføreren fremja på vegne av heile formannskapet slikt felles framlegg:  
Gjeldande frå neste periode

Ordfører: 100% av stortingsrepresentant  
Varaordfører: 8%  
Formannskapsmedlem: 3%  
Utvalsmedlem (Plan/kontroll m.m.) 2%  
Heradsstyremedlem: 1,5%

Dvs. same satsar som førre periode

**AVRØYSTING:**

Fellesframlegg samrøystes vedtatt

**FS - 033/23 VEDTAK:**

Gjeldande frå neste periode

Ordfører: 100% av stortingsrepresentant  
Varaordfører: 8%  
Formannskapsmedlem: 3%  
Utvalsmedlem (Plan/kontroll m.m.) 2%  
Heradsstyremedlem: 1,5%

Dvs. same satsar som førre periode

---

**034/23: Samarbeidsavtale for interkommunalt samarbeid mot akutt forureining (IUA)  
Bergen region- Kommunalt oppgåvefellesskap, KOF**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Osterøy kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining  
Bergen region kommunalt oppgåvefellesskap.

**03.05.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 034/23 VEDTAK:**

Osterøy kommune vedtek samarbeidsavtalen for Interkommunalt samarbeid mot akutt forureining Bergen region kommunalt oppgåvefelleskap.

---

**035/23: Samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion (VBR) - Kommunalt oppgåvefelleskap, KOF**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Osterøy kommune vedtek samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap.

**03.05.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 035/23 VEDTAK:**

Osterøy kommune vedtek samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap.

---

**036/23: Stillingstittel for Rådmannen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Ordførar sitt framlegg til vedtak:**

Tittel på øvste administrative leiar i Osterøy kommune vert endra frå Rådmann til Kommunedirektør.

**03.05.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 036/23 VEDTAK:**

Tittel på øvste administrative leiar i Osterøy kommune vert endra frå Rådmann til  
Kommunedirektør.

---

**037/23: Andre saker/spørsmål**

**03.05.2023 FORMANNSKAPET**

Ordførar tok opp ei sak til drøfting i formannskapet.

Saka omhandla ordning med valkomité for dei kommunale selskapa. Selskapa nyttar i dag dei kommunale valkomiteen som valkomité. Men det er ynskje frå enkeltsselskap om eigen komité. Ordførar ynskja å drøfte med formannskapet korleis ein konkret skal kome i møte dette ynskje.

Formannskapet vart samde om at Ordførar oppmodar dei kommunale selskapa som ynskjer eigen valkomité å fremje vedtektsendring som varetek dette til neste Generalforsamling.

**FS - 037/23 VEDTAK:**

**Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka**

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Kjersti Ingolvdotter  
Vevatne og Alexander Thunestvedt

Lonevåg, 04.05.2023

Hilde Revheim Sture  
Sekretær